



## Notat

Dato: 09.05.2016  
Arkivsak: 2016/4760-1  
Saksbehandlar: karnyga3

---

**Til:** Utval for miljø og samferdsel, fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Evaluering av organiseringa av Bybanen

I samband med handsaming av årsbudsjett 2016 fatta fylkestinget i møte 08.12.15 mellom anna følgjande vedtak i sak 95/2015:

#### **Samordning**

*Det er ei målsetjing å få mest mogeleg aktivitet/tenesteyting ut av kvar fylkeskommunal krone. Dette krev kontinuerleg evne til endring. Samferdselsfeltet i HFK er i dag fragmentert, og delt opp i mange ulike einingar, som krev mykje koordinering på tvers. Det er hensiktsmessig med ein grundig gjennomgang av heile samferdselsfeltet administrativt, og ber fylkesrådmannen leggja fram ei utgreiing som drøftar ulike måtar å organisera feltet på. Målsetjinga må vera å få meir effektiv ressursutnytting, og dermed meir ressursar til tenesteytinga.*

Fylkesrådmannen har med bakgrunn i overnemnde vedtak sett ned eit prosjekt som skal evaluere dagens driftsmodell for Bybanen.

Arbeidet så langt har fokusert på å kartlegge kva spesifikke områder som bør analyserast i denne evalueringa. Her er det innhenta innspel frå leiarane hjå aktørane som i dag har sentrale roller i høve utbygging og drift av Bybanen. Det er i tillegg gjennomgått dokumentasjon som syner kva kriterier som er lagt til grunn for val av organisasjonsmodell i andre byar, til dømes Oslo.

Prioriterte områder for analyse er tryggleik, merkevare, strategisk styring, driftskostnader og investeringsvedtak.

Det vidare analysearbeidet vil søke å vise korleis ulike organisasjonsmodellar vil kunne påverke dei prioriterte områda nemnd ovanfor. Sjølve analysen er planlagt gjennomført i tidsrommet mai – oktober 2016. Analysearbeidet vil munne ut i ein rapport som etter planen skal vere ferdigstilt primo november 2016. Rapporten vert utarbeidd av eksternt konsultentselskap.

